

Anbefalt kostnadsnivå for skogkulturtiltak i Rogaland

Sist revidert 2021. Statsforvaltaren i Rogaland.

Bakgrunn

Før vedtak om NMSK-tilskot og utbetaling av skogfond til skogkulturtiltak, skal kommunen vurdere om kostnadane er innanfor normalområdet og/eller i samsvar med omfanget og kvaliteten på arbeidet.

Riktig kostnadsnivå skal sikre rett og best mogleg utnytting av tilskotsmidla og bruk av skogfondet til skogeigaren med 85 % skattefordel. Det skal leggjast til grunn at alt skogkulturarbeid skal utførast mest mogleg kostnadseffektivt. Det betyr at ein må stille krav til bruk av eigna utstyr, kompetanse og praksis. Tiltak uført til riktig tidspunkt gir styrst nytte og bør prioriterast.

Retningsgjevande anbefalingar

Under finn de anbefalt kostnadsnivå og anbefalt maksimalnivå for kostnadar knytt til skogbruk, juletre- og pyntegrøntproduksjon i Rogaland. Dei skal gjenspeile kva som er skogfagleg tilrådde kostnadar og sikre mest mogleg lik praktisering i kommunane.

Satsane er retningsgjevande og ikkje absolutte. Tilhøva rundt det enkelte tiltak kan variera mykje, og satsane må brukast med dette som bakgrunn. For tiltak med kostnad over anbefalt kostnadstak må kommunen vurdere om det er grunn til å gå ut over anbefalingane, og grunngi avvik i ØKS.

Verktøy for å vurdere riktig kostnadsnivå

NHO og LO sin overenskomst for naturbruk 2018-2020 kan vere eit anna hjelpemiddel til å vurdere kva som er rimelege kostnadar (<https://www.fellesforbundet.no/lonn-og-tariff/tariffavtaler/naturbruksoverenskomsten/>). Eksempelvis er motorsaggodtgjering sett til 31,50 kr/brukstime som eit tillegg til timeprisen i overenskomsten.

På skogkurs sin nettstad finn de også god informasjon om økonomien i ulike skogkulturtiltak (https://www.skogkurs.no/kunnskapsskogen/artikkel.cfm?Id_art=29423).

Gjeldande satsar er utarbeidd i dialog med dei skogansvarelege i kommunane og næringsaktørane som opererer i Rogaland. Satsane blir vurdert årleg og revidert ved behov.

Anbefalt kostnadsnivå for ordinært skogbruk

| Hovudkode | Kommentar | Anbefalt kostnadsnivå | Anbefalt kostnadstak |
|--|--|---|---|
| 001 Grøfting | Vassjuk skogsmark, berre fastmark (<30 cm torv over mineraljord) etter hogst. Kostnad inkl. transport og flytting. | 1400 kr/daa eller 20 kr/løpemeter | |
| 002 Suppl. grøfting 003 Grøfterensk | Kostnad inkl. transport og flytting | 20 kr/løpemeter | |
| 011 Gjødsling av fastmark | Punktgjødsling Breigjødsling/helikoptergjødsling Kostnad inkl. transport og arbeid. | 300 kr/daa 400 kr/daa | 500 kr/daa 500 kr/daa |
| 100 Flaterydding | Flaterydding ved fyrstegongs-etablering av kulturskog, m.a rydding av einer. | 400 kr/daa | 550 kr/daa |
| 101 Markberedning | | 500 kr/daa | 750 kr/daa |
| 110 Plantekjøp | Plantekjøp dekker: - kjøp av planter inkl. frakt og emballasje - påføring plantevernmidlar i planteskole - lagerkostnader - startgjødsling | 3,00 kr/stk for plantekjøp 40 øre for frakt og lagerkost. ekskl. startgjødsling Lauvtre/spesial-sortiment: 5,00 kr/stk | 3,50 kr/stk for plantekjøp 50 øre for frakt og lagerkost. ekskl. startgjødsling Lauvtre/spesial-sortiment: 8,00 kr/stk |
| 120 Plantearbeid nyplanting | | 3,10 kr/stk | 3,90 kr/stk |
| 130 Plantearbeid suppleringsplanting | | 3,60 kr/stk | 4,90 kr/stk |
| 133 Ungskogpleie | Rydding av vegetasjon og avstandsregulering | 500 kr/daa | 800 kr/daa |
| 141 Stammekvisting | Stammekvisting av 60-100 stammer per dekar. Må inn to gonger. | 1. gong: 500 kr/daa 2. gong: 800 kr/daa | 1. gong: 700 kr/daa 2. gong: 1000 kr/daa |

Anbefalt kostnadsnivå for produksjon av juletre/pyntegrønt

| Hovudkode | Tiltak | Kommentar | Anbefalt kostnadsnivå | Anbefalt kostnadstak |
|-------------------------------------|--|-------------------------------------|--|----------------------|
| 125 Juletre eller 126 Pyntegrønt | Grøfting | Kostnad inkl. transport og flytting | 1400 kr/da eller 20 kr/løpemeter | |
| 125 Juletre eller 126 Pyntegrønt | Rydding/jordarbeid tidlegare jordbruksareal | | 1000-2000 kr/da | 2000 kr/da |
| | Rydding/jordarbeid utmark/ulendt terreng | | 3000-4000 kr/da | 4000 kr/da |
| 125 Juletre eller 126 Pyntegrønt | Plantekjøp | | Gjeldande prisar frå planteskule | |
| 125 Juletre eller 126 Pyntegrønt | Plantearbeid | | 4,00 kr/plante | 5,00 kr/plante |
| 125 Juletre eller 126 Pyntegrønt | Suppleringsplanting år 2 | | 4,50 kr/plante | 6,00 kr/plante |
| 125 Juletre eller 126 Pyntegrønt | Sprøyting og gjødsling | | 700 kr/daa | |
| 125 Juletre eller 126 Pyntegrønt | Gjerding | | 100 kr/meter | |
| 125 Juletre eller 126 Pyntegrønt | Anna eigenarbeid ved etablering | | 300 kr/time | |
| 400, 401 og 403 | Vegbygging | | Sjå "Felles overordna retningsliner for tilskot til skogsvegar og taubane" | |
| 360 | Forsikring | | | |